



Reidun Yri
Flagget 30 E
5302 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3081 - 21/33138

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
15.05.2021

Søknad om etablering av veg vert avvist - gbnr 27/20 Øvretveit

Administrativt vedtak:	Saknr: 577/21
Tiltakshavar:	Reidun Yri
Ansvarleg søkjar:	Reidun Yri
Søknadstype:	Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad etablering av veg avvist.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av veg fram til fritidseigedomane gbnr 27/19, 27/20 og 27/21. Vegen har ei lengd på ca 150 meter og ei breidde på 3 meter, og ligg i hovudsak på gbnr 27/1. Det er eigar av gbnr 27/20 som søker på vegne av grunneigarane.

Det vert vist til søknad mottatt 06.04.2021.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 er avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF), og innanfor omsynssone landbruk, H510_L09.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande forhold:

Plangrunnlaget

Tiltaket er i strid med plangrunnlaget. I LNF-område kan det berre etablerast tiltak knytt til landbruket og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. For å kunne etablere veg slik det er søkt om må det først vera søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet.

Vi gjer samstundes merksam på at kommunedelplanen har eigne reglar om at tilkomstveg skal ha minst 3 meter breidde og ikkje ha stigning på meir enn 1:8. Bil må kunne snu på eigen grunn, evt. der parkeringsplass vert lagt. Avkøyrslar til private vegar skal tilfredsstillast same tekniske krav til utforming og friskt som er sett for avkøyrslar til private vegar.

Kart og teikningar

Teikningsgrunnlaget er ikkje tilfredsstillande. Veggen må teiknast inn på kommunen sitt kartgrunnlag og avstand til nabogrenser må førast på. Alle tiltak må gå tydeleg fram av situasjonsplanen. Dette gjeld også eventuelt behov for uttak av stein og deponering av massar. Murar, parkeringsplassar og liknande skal visast og målsetjast. Teikningar over mur skal leggjast ved. Avstand til nabogrense skal førast på. Nødvendige terrengprofil skal leggjast ved og målsetjast.

Krav til ansvarlege føretak

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova kap. 20 og krev bruk av ansvarlege føretak. Det vil seia at ansvar for innsending av søknad, prosjektering og utføring skal vera dekkja av føretak med ansvarsrett.

Forholdet til anna lovverk

Tiltaket kan krevja løyve til omdisponering etter jordlova. Dette vil verta avklart gjennom behandling av søknad om dispensasjon frå plangrunnlaget.

Veggen skal etablerast under høgspenningslinje. Arbeidet må avklarast med linjeeigar BKK.

Oppsummering:

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling. Søknaden må avvisast.

Det vert gjort merksam på at kommunen gjennom avvisingsvedtaket ikkje har tatt stilling til om det omsøkte tiltaket kan godkjennast eller ikkje. Kommunen vil ta saka til behandling når det ligg føre ny søknad i tråd med regelverket.

Tilbakemeldinga er heller ikkje ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reidun Yri

Flagget 30 E

5302

STRUSSHAMN